



AVTALE

mellom Kvinnherad kommune og Knut Prestnes, eigar av gnr 147 bnr 2

1. Underskrivne Knut Prestnes heretter kalla eigar, gjev med dette Kvinnherad kommune, org.nr. 964967636, heretter kalla kommunen, rett til å leggje spillvass- og overvassleidning over egedomen slik vedhefta kart viser, samt nedsetting av nødvendige kummar. Heile leidningstraseen skal vere i senter av vegbanen.
2. Kummane må ikkje koma høgare enn terrenget og terrenget må jamnast til kring desse, slik at dei ikkje er til hinder for eigaren av egedomen. Det må ikkje, utan etter avtale med kommunen, fyllast massar over kummane slik at kumløkk vert skjult under bakken, gjerast større endringar på terrengnivå, eller plantast tre over leidningane.
3. Graving av grøft og legging av leidning og ev. kummar, skal kunna skje i tidsrommet frå 01.04.20 til 01.04.23. Innanfor dette tidsrommet skal massane først attende i grøftetraseen og terrenget jamnast og såast til.
4. Eigaren skal disponera terrenget som før, men kan ikkje utan etter avtale med kommunen, byggja nærare leidningen enn 4,0 meter eller grave nærmare leidningen enn 1,5 meter.
5. Kommunen har rett og plikt til drift og framtidig vedlikehaldsarbeid av leidningar og kummar, og skal ved seinare vedlikehaldsarbeid setja terrenget i minst same stand som før. Alle kostnader i samband med arbeidet og istandsetting /vedlikehald skal berast av kommunen.
6. Eigar kan overta overskotsmassar frå arbeidet med grøft. Kommunen vil levera overskotsmassane, fritt tilkøyrd, til nærare tilvist plass i nærområdet på Prestnes. Godkjenning av deponiplass er grunneigar sitt ansvar.
7. Kvinnherad kommune foretar og dekker alle kostnader med å asfaltere 80 meter av veien fra eksisterende asfalt slutt i dag.
8. Drensgrøfter som må kryssast eller kjem i røring med leidningsgrøfta vert kopla til ny overvassleidning.
9. Kvinnherad kommune kan for eigen rekning tinglysa denne avtale som hefte på egedomen.

Sted:

Dato:

SUNDE, 23.11.20

Sted:

Dato:

Knut Prestnes

Eigar av gnr/bnr 147/2

Hans Inge Myrvold

Ordførar i Kvinnherad kommune